

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Nadine Gutte-Preusse	FE-230, FA-G10	22/421

Saksnr	Utval	Type	Dato
007/22	Eldrerådet	PS	16.11.2022
099/22	Formannskapet	PS	22.11.2022
068/22	Kommunestyret	PS	15.12.2022

Justering av satsar for matombringning 2023

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Tenesta er ikkje lovpålagt, men vert vurdert ut frå søkjaren sine behov for helse-og omsorgstenester etter Lov om helse-og omsorgstjenester i kommunen § 3-1 og § 3-2. Føremålet med tenesta er å gi eldre, funksjonshemma og andre gruppar tilgang til varm og næringsrik mat som eit førebyggjande helsetiltak. Maten vert laga på institusjonskjøkken ved Fedje sjukeheim og direkte tilkøyrd til heimen til brukarane. Ein kan tinga middag alle vekedagar og på heilagdagar, utanom laurdagar.

Vurdering

Både årleg lønsutvikling og ein auke i konsumindeks påverkar kostnadane for innkjøp av råvarane, matlaging og levering. Pr. i dag kostar eit fullt måltid med dessert inkludert heimkøyring kr.104. Eit halvt måltid med dessert kostar kr.52, eit fullt måltid utan dessert kr.88 og eit halvt måltid utan dessert kr.38.

Folkehelse

Statistisk sett lever vi lengre og er friskare jo lengre utdanning og høgare inntekt vi har. Sosial forskjell i helse dannar såleis mønster av ein helsegradient gjennom heile folkesetnaden. Ein auke i satsen for matombringning vil difor belasta låginntektshushald forholdsvis sterkare enn hushald med høgare inntekt. For å påverke helsegradienten og såleis å fremja folkehelsa ville det vore naudsynt med graderte batalingssatsar, slik at låginnteksthushald betalar mindre enn hushald med høgare inntekt.

Miljø

Økonomi

Satsen bør justerast i tråd med framtidig prisauke og lønsvekst.

Konklusjon

Satsane bør aukast som følgjande:

Fullt måltid med dessert	frå kr.104	til kr.108
Fullt måltid utan dessert	frå kr.88	til kr.90
Halvt måltid med dessert	frå kr.52	til kr.54
Halvt måltid utan dessert	frå kr.38	til kr.40

Dessert

frå kr.16

til kr.17

Forslag til vedtak:

Satsane for matombringning vert oppjustert med verknad frå 01.01.2023 som følgjande:

Fullt måltid med dessert	kr.108
Fullt måltid utan dessert	kr.90
Halvt måltid med dessert	kr.54
Halvt måltid utan dessert	kr.40
Dessert	kr.17

Eldrerådet - 007/22

ELD - behandling:

Erling Herøy (H) fremja forslag om at satsane for matombringning for 2023 vert ståande på nivået frå 2022. Eldrerådet vil ikkje auka satsane på matombringning for 2023.

ELD - vedtak:

Satsane for matombringning vert ikkje auka for 2023.
Samrøystes vedteke.

Formannskapet - 099/22

F - behandling:**F - vedtak:**

Satsane for matombringning vert oppjustert med verknad frå 01.01.2023 som følgjande:

Fullt måltid med dessert	kr.108
Fullt måltid utan dessert	kr.90
Halvt måltid med dessert	kr.54
Halvt måltid utan dessert	kr.40
Dessert	kr.17

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret - 068/22

K - behandling:**K - vedtak:**

Satsane for matombringning vert oppjustert med verknad frå 01.01.2023 som følgjande:

Fullt måltid med dessert	kr.108
Fullt måltid utan dessert	kr.90
Halvt måltid med dessert	kr.54
Halvt måltid utan dessert	kr.40
Dessert	kr.17

